
Fra: Jo Bjarthe Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>

Sendt: torsdag 9. februar 2023 13:09

Til: Kari Pedersen <kari.pedersen@bt.no>

Emne: SV: Et ekstra spørsmål

Hei,

Sender som avtalt tilbakemelding på spørsmålet ditt nedanfor.

Norma utarbeida av medlemsorganisasjonen BAD, PARK OG IDRETT er ei retningsgjevande norm for sikkerheit og er ei tolking av Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.

I Modalen kommune følgjer vi opp lovkrava i Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v. gjennom lokale retningslinjer, rutinar og overordna ROS med tiltaksoppfølging. HMS vert følgt opp både gjennom årleg vernerunde, gjennomgang av overordna ROS og tiltak knytt til denne, oppfølging av registrerte avvik, og elles via tett dialog mellom leiarar og tilsette som jobbar på/tilknytt Bryggjeslottet.

Mellom anna er det rutinar for vedlikehald og oppfølging av byggteknisk system og hygiene som vert følgt opp dagleg, samt via vedlikehaldsavtale med ein autorisert serviceleverandør. Det er dedikerte ressursar som har ansvar for å følgje opp bruk av Bryggjeslottet på dagleg basis. Det er vidare skriftlege rutinar for førstehjelpsutstyr- og opplæring og arbeidsinstruks for bassengvaktar, og desse vert jamleg gjennomgått internt. Skule- og barnehage nyttar Bryggjeslottet og bassenget jamleg. Alle vaksne som gjennomfører symjeundervisning og alle badevakter deltek årleg i opplæring kring personsikkerheit og førstehjelp med HLR.

Det er elles tydeleg regelverk knytt til bruk av basseng via synleg ordensreglement, skriftlege avtalar ved kjøp av årskort og informasjon på kommunen sin heimeside. Alt dette er del av kommunen sin internkontroll og vurdering av tiltak kring bruk av Bryggjeslottet og basseng. Ordninga med nøkkelkort er utover dette basert på tillit under føresetnad at alle brukarar badar på eiga ansvar. Ved melding om hendingar eller alvorlege ulukker, slik vi har opplevd no, setter kommunen i gong ein gjennomgang av aktuelle retningslinjer og rutinar, og det vil gjennomførast oppdatert ROS knytt til dette.

Med venleg helsing

Jo Tømmerbakke

Rådmann



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 03 | Mob: 47 46 26 10

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fra: Kari Pedersen <kari.pedersen@bt.no>

Sendt: onsdag 8. februar 2023 14:39

Til: Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>

Emne: Et ekstra spørsmål

Takk for vennlig mottakelse.

Vi har sjekket regelverket rundt basseng og ser at kommunen er pliktig å gjennomføre en årlig risikoanalyse som del av HMS-vurdering.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-06-13-592>

Ut ifra analysen, som mellom annet ser på alderen til og sammensetning av brukerne, skal det [utarbeides en handlingsplan](#) med førebyggjande tiltak.

Spørsmålet er om kommunen har gjort slik årlig risikoanalyse..

Vennlig hilsen

Kari Pedersen

Journalist

Mediehuset Bergens Tidende
postboks 7240, 5020 Bergen

Tlf: 48 12 17 55
<http://www.bt.no>